

Årsmelding 2016

Ogna sokneråd



DEN NORSKE KYRKJA

Ogna sokn



Innhald:

<i>Innleiing / Statistikk</i>	<i>s. 1</i>
<i>Diverse hendingar/offer</i>	<i>s. 3</i>
<i>Tilsette, frivillige</i>	<i>s 4</i>
<i>Utval</i>	<i>s 6</i>
<i>Årsmelding trusopplæringsutvalet</i>	<i>s 7</i>
<i>Årsmelding diakoniutval</i>	<i>s 9</i>
<i>Årsmelding kyrkjelydsbladet</i>	<i>s 11</i>
<i>Takk</i>	<i>s 12</i>

Årsmelding 2016

Ogna Sokneråd 2016

Svein Olav Blindheim – leiar

Sven Austbø – nestleiar

Synnøve Løge

Sigmund Olsen

Malena Tangen

Oddny Søyland

Jørgen Haugland

Roald Byberg – sokneprest

Tom Magne Ueland – dagleg leiar fram til og med mars 2016

Johanne D. Aanestad – dagleg leiar frå og med april 2016

Hovudoppgåver

Soknerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døypte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Soknerådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet. (Kyrkjelova § 9)

Soknerådet har hatt 11 møter og 34 saker er handsama.

- Visjon for Ognå Sokn
Med Jesus ut i kvardagen.

ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Døypte:	23	37	27	32	32	28	25
Konfirmerte	19	29	16	20	26	22	23
Vigde:	11	10	12	8	10	10	6
Gravferder:	19	19	17	9	16	6	13
Gudstenester (sun- og heilag dagar):	55	62	54	62	56	54	55
Familiegudstenester	7	7	6	6	15	12	14
Gudstenestedeltakarar	3904	4827	3628	4154	3970	3776	4090
Nattverdgjester:	1028	1025	897	1071	789	1148	1227
Gjennomsnitt pr. gudsteneste:	71	74	67	63	70	69	74

Diverse hendinger gjennom året

- Andaktar på Olsvoll bu- og velferdssenter 2 gonger pr. måned.
 - Åremålsbesøk ved kvart 5. år frå fylte 80
 - Pinseblomster på Olsvoll – i lag med elevar og lærarar frå 5. klasse på Ognaskule
 - Bønetenesta – kvar kvardag
 - Babysong – «Gynge lite grann»
 - Dåpsskule med utdeling av bok
 - 4-åringane har fått barnebibel
 - Tårnagent helg for 3-4 klasse
 - Lys Våken arrangement – 11 åringane
 - Hallo Venn arrangement i Ognaskyrkje
 - Søndagsskule kick-off i samarbeid med søndagsskulane i Ognasokn
 - 24 Hours Festivalen i Ognasokn – med 48 born frå Ognasokn
 - Konfirmantane har fått bibel.
 - Avskjedsfest for sokneprest Roald Byberg
-
- Kateket Turid Boganes og menighetsprest Michal Z. Riis var på besøk i Stokkalandsmarka barnehage før jul. Der møtte dei 29 barn frå 2 ulike avdelingar
 - Kyrkjelydspedagog Siri Aarland hadde opplegget «Vandring gjennom Bibelen» i 6. klasse på Ognaskule. Var på besøk 4 gonger
 - Prost Kjell Børge Tjemsland hadde 1 skulegudsteneste for Ognasokn i 2016

Samarbeidsavtale om misjon med Normisjon og Israelmisjonen held fram.

- Ognaskyrkjelyd gir 6 offer i året til NOR-misjonen sitt arbeid.
- Gir to offer i året til Israelmisjonen
- Dåpsklutar – minne om dåpsdagen og dåpshandlinga blir gitt til alle dåpsbarn.

Bruk av ressursar (foreløpige tall pr. 02.02.2017)

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Offer totalt:	123.154	100.400	112583	124742	196475	153966
Til eige arbeid:	31.531	19.804	29516	27936	95292	83470
Andre org:	91.623	80.594	83067	96806	92183	57146
Gåver/gjevarteneste	97.300	104.800	105000	9000	9000	13350

Utgifter til eige arbeid

Rammer til dåpsbilete
Bøker til 4- og 6- åringar
Biblar til nygifte
Dåpsklutar
Blomar (80 – 85 - 90 år og 90 +)
Blomar til kyrkja høgtidsdagar
Mat til diverse tilstellingar
Kyrkjekaffi/frukost
Utstyr til babysong
Bankterminal
Bygdadag
Løn familiarbeidar

Tilsette

Sokneprest Roald Byberg (100% stilling)
Menighetsprest Stokkalandsmarka Michael Riis Zülöw (60% stilling) frå og med mars. 50% i Stokkalandsmarka og 10% konfirmantarbeidet på Ognå
Organist Geir Palle Haarr (30 % stilling)
Klokkar Svein Olav Blindheim (11 % stilling) – frem til og med mai
Familiarbeidar Åslaug Lindland (10 % stilling)
Trusopplærar Johanne Dahlstrøm Ånestad (50% stilling)
Medhjelpar konfirmantarbeid Ognå Johanne Dahlstrøm Ånestad (10% stilling) – frå hausten
Menighetsutvikler Stokkalandsmarka Tom Magne Ueland (50% stilling) frem til og med januar
Dagleg leiar Tom Magne Ueland (30%) frem til og med mars
Dagleg leiar Johanne Dahlstrøm Ånestad (30%) frå og med april
Kyrkjetenar Anne Brit Haugstad
Kyrkjetenar og reinhaldar Norvald O. Person
Fast vikar kyrkjetenar Olav Waldeland
Diakon Torild Egeland Reime – hele Hå
Kyrkjeverje Svein Olav Nesse

I Ognå sokn er Varhaug sokneråd med og bidrar med trusopplæring for de som bur i Stokkalandsmarka med 20% lønsmidler til trusopplærar. Gravferder og bryllaup organiserast frå Hå Kyrkjekontor.

Tilsette i Ognå sokn gjer ein flott innsats for arbeidet i soknet, og soknerådet vil rette ein stor takk til alle tilsette. Men det er lite som kan gjennomførast utan dugnadsinnsatsen som frivillige gjer.

Me vil spesielt takka:

- dei som ber for kyrkja heime og i bønegrupper
- gjevarar
- medlemmar i trusopplæringsutval, gudstenesteutval, diakoniutval, menighetsutviklingsutval i Stokkalandsmarka
- medhjelparar i alle trusopplæringstiltak
- musikarar og songarar
- dei som går på besøk med på åremålsdagar
- arrangørar av bygdadag og felles samlinger
- redaksjonen i kyrkjelydsbladet
- gudstenestegruppene
- medarbeidarar til familiegudstenestene

Ognå sokneråd er svært takksame til alle som bidrar med frivillig aktivitet i soknet. Det er mykje dugnadsinnsats som blir gjort på mange ulike arenaer – både på sundagar og i vekene - for born, vaksne og eldre, i bøn og gjennom aktiv deltaking i aktiviteter og utval. Tusen, tusen takk for all tida og kreftene de bruker i arbeidet!

Særskilt vil me løfta fram Varhaug sokn og fellestrådet som er med og støtter opp om arbeidet i Stokkalandsmarka, samt bedehusa på Mattingsdal, Brusand, Ognå og Sirevåg som driv størsteparten av det kontinuerlege arbeidet for både born, ungdom og vaksne. Soknerådet set stor pris arbeidet som blir gjort på bedehusa.

Me vil òg takka Hå kommune for godt samarbeid i 2016.

Roald Byberg vart pensjonist hausten 2016. Etter avskjedsgudstenesta 6. november var det kyrkjekaffi på Ognatun. Vi takkar for trufast teneste gjennom mange år.

Utval og komitear – årsmeldingar

Gudstenestegrupper Ogna Kyrkje

Gruppe 1:	Gruppe 2:	Gruppe 3:	Gruppe 4:
Leiar: Olav Tangen Malena Tangen Kirsten Stokkeland Ove og Ragnhild Friestad	Leiar: Liv Blindheim Svein Olav Blindheim Synnøve og Andreas Løge Ståle Berland	Leiar: Lillian Sirevåg Sven Austbø Marit Herredsvela Oddny Søiland Målfrid Fikstvedt Sigmund Kindervåg	Leiar: Marta Mari Engedal Saman med Huskyrkja 8 vaksne

Utval for menighetsutvikling i Stokkalandsmarka

Erik Høidahl

Jørgen Haugland

Årstein Aarsland

Michael Riis Zülöw

Utvalet har i 2016 hatt:

11 møter i styringsgruppa

7 familiegudstenester

2 temsamlinger

Årsmelding for trusopplæringsutvalet i Ognå sokn 2016

Medlemmar: Liv Blindheim, Roald Byberg, Liv Lende Olsen, Johanne D Aanestad og Malena Tangen.

Leiar: Liv Lende Olsen

I 2016 har utvalet hatt 1 møte.

Dette er saker me har arbeidd med:

- 1. Utdeling av 4 årsboka. Både i Stokkalandsmarka og i Ognå.**
 - Samling laurdag og gudsteneste sundag.
 - 36barn deltok, av dei var fem ikkje medlemmar.
 - Barnebibel og lam vart utdelt
 - Borna laga mosekors. Takk Gud at du er glad i meg – alltid!

- 2. Oppgåver i samband med konfirmasjonsopplegget.**
 - Sokneprest ordner vakter til konf-cup
 - Trusopplæringsutvalet klarte ikkje å skaffa heimegrupper.

- 3. 24 Hours Festival.**
 - Johanne hadde ansvar for å skaffe leiarar.
 - 48 born frå Ognå sokn deltok.

- 4. Dåpsskulen.**
 - Planlegging og gjennomføring
 - 5 samlingar pluss gudsteneste
 - 9 barn deltok
 - Boka Den usynlege venen av Kari Vinje vart utdelt..

- 5. Søndagsskule kick-off**
 - 21. august feira vi søndagsskule-kickoff i Ognå Kyrkje.
 - Alle søndagsskulane i soknet deltok.
 - Laga program for alle søndagsskulane til utdeling.
 - Leik og kaker etter gudstjenesta.

- 6. Barneopplegg 1. juledag.**
 - Trusopplæringsutvalet har ansvar for å skaffe ansvarlege til å leia barneopplegget.

- 7. Lys Våken.**
 - 4 deltakarar i Ognå Kyrkje.

- Veldig kjekt tiltak!

8. Tårnagentar

- 27 stk deltok i Oгна Kyrkje
- Johanne D. Aanestad og Turid Boganеs ansvarlege for gjennomføring.
- Gode medhjelparar.

9. BiPiKi

- Trusopplæringsutvalet har ansvar for gjennomføring.
- 9 barn deltok.

10. Foreldrekveld.

- Kjell Aanensen foreleste om temaet «Realistisk og sunt om sinne». Helsesøster Cecilie Ravdal vinklet temaet frå barnets perspektiv. Godt oppmøte!

11. Nytt fadderhefte

- Me har vore i kontakt med Johannes Kleppe med tanke på nytt fadderkort med same uttrykk som dåpsbiletet. Fortsett i 2017.

Me vil retta ein stor takk til alle som har bidrege til dette viktege arbeidet. Både gjennom bøn, økonomiske midler og praktisk gjennomføring. Jesus til borna!

For trusopplæringsutvalet,
Johanne D Aanestad

ÅRSMELDING 2016

Ogna diakoniutval

Diakoniutvalet har i 2016 vore samansett slik: Ståle Berland, Kirsten Stokkeland, Grethe Wesnes, Synnøve Løge representant frå soknerådet og Roald Byberg sokneprest.

Utvalet har hatt 4 møter og arbeidd med desse sakene:

- **Åremålsbesøk**

Besøk ved kvart 5. år frå fylte 80. Marit Herredsvela, Synnøve Løge og Andreas Løge gjer denne fine tenesta til 80 og 85 års-jubilantane. Roald Byberg går på besøk til dei som er 90 år og eldre.

- **Fasteaksjonen 15. mars**

Konfirmantane av året går med bøsser, diakoniutvalet er med på gjennomføringa.

Resultat: kr. 19 088

- **Fellesskapskveld med Øyvind Lund 7. april**

Svalbard – indre og ytre vandring. Bilder og poesi på sitt beste. Ein veldig fin kveld med 40-50 stk. til stades.

- **Pinseblomster på Olsvoll**

26 engasjerte elevar og 4 lærarar frå 5. klasse på Ogna skule gjekk med blomster til bebuarane på Olsvoll. Programmet var godt og variert med song, dikt og dans. Det var også god tid til drøs. Det vart ein fantastisk opplevelse både for bebuarar, personale, elevar, lærarar, Kirsten og Torild.

- **Minnegudsteneste 6. november**

Minnegudsteneste over dei som gjekk bort i tidsrommet frå nov. 2015 til nov. 2016. Etterlatte fekk invitasjon pr. brev. Soknepest Roald Byberg har ansvar for gudstenesta saman med diakoniutvalet. Utvalet deltek med tekstlesing og lystenning, og har ansvar for kyrkjekaffi etterpå. Song av Kjell Stangeland og andakt av diakon Torild Egeland Reime.

- **Diakoniens dag 15. november**

Gudsteneste der det vert lagt spesiell vekt på forkynning av og informasjon om diakoni. Diakoniutvalet deltok med tekstlesing, og diakonen leia forbøna og song. Svein Olav Blindheim informerte om gjevarteneste til diakoniarbeidar.

- **Anna diakonalt arbeid i kyrkjelyden:**

Fellesskapskveld/misjonskveld, bibelgrupper og foreningar, andaktar på Olsvoll, organisert bønsteneste fem dagar i veka i kyrkja og privat. Samlivsarbeid «To på same kurs» og støttegrupper m/sorg og samlivsbrudd. Pilegrimsvandringar, KIA og Onsdagskaffien og tilrettelagt gudsteneste er felles for heile Hå.

Ogna 25. januar 2017

Torild Egeland Reime
Diakon og sekretær

Årsmelding for Hå kyrkjelydsblad 2016

Kyrkjelydsbladet har i 2016 kome ut med 4 nummer. Vi har valt eit tema for kvart av blada;

1. Alle kan be
2. Fullt trøkk i kyrkjene
3. Fokus på mangfaldet i Hå kyrkjene
4. Ordet vart menneske

Styret har vore: Magnus Østbø som leiar, Synnøve Løge og Tor Egil Mong I tillegg har Red.sekretær og kyrkjeverje møtt på styremøta.

Styret har hatt to møter.

Kyrkjeverje har vore ansvarleg redaktør og forretningsfører for bladet.

I redaksjonen har desse vore med: Anna Bergitte Skårland (frå staben), Inger Kristine Løge, Brit Obrestad, Tor Syvert Aass og Harald Vikse.

Redaksjonen har eit godt samarbeid med dei tilsette. Redaksjonen er med på stabsmøte der vi kjem fram til tema for bladet og fordeler arbeidsoppgåvene med neste nummer.

Opplaget er 7600 eksemplar. Bladet blir distribuert til alle husstandar i Hå kommune. I tillegg er det nokre personar samt institusjonar som får bladet tilsendt.

Sal av annonsar blir gjort på dugnad og saman med inntekter som frivillig kontingent er dette dei økonomiske rammene ein har å arbeida utifrå.

Utsending av bladet har i 2016 skjedd via posten/ Bring og Scibsted distribusjon. Vi fekk tilbod om å distribuere gjennom Schibsted distribusjon. Men dette vart avslutta etter tre nummer. Grunnen var at dei ikkje leverte til alle husstander og mykje feilleveranse. Vi gjekk tilbake til Posten/Bring som distributør, sjølv om dette har ein større økonomisk kostnad for bladet.

Styret vil takke alle friviljuge medarbeidarar som legg ned ein stor innsats og engasjement for å realisere bladet.

For kyrkjelydsbladet
Svein Olav Nesse

Magnus Østby

Synnøve Løge

Tor Egil Mong

Glimt frå for Ognå sokn 2016. «Med Jesus ut i kvardagen!»

«Gynge lite grann.»

Dette er tilbod med babysang i Ognå Kyrkje for 1-3 åringar annankvar fredag føremiddag. Her er det Åslaug Lindland og Malena Tangen som har ansvaret, i tillegg til Grethe Westnes og Kirsten Stokkeland.

Det er også ei avdeling i Stokkalandsmarka ved Johanne D Aanestad. Ho har to grupper. Først frå 0-1 og 1-5 år. Ho brukar vellaget sitt hus.

24-Hours

«24- Hours» er ein festival for 5.-7. klassingane i heile Hå, og finn stad i Loen på Nærbø. Dette var i år 29. – 30. oktober

Bygdadagen ble gjennomført i april saman med mange andre grupper i soknet.

2. pinsedag , Olsok og Kristi-himmelfartsdag. Dette er gudstenester som me er med på saman med Varhaug og Nærbø. Dei to første er på Varhaug gamle kyrkjegard, og den siste på Synesvarden.

Sidan klokkestillingen ikkje blei lyst ut, går desse lønnsmidla til trusopplæring. Gudstenestegruppene blei oppretta i haust for å ta seg av dei oppgåvene som klokkaren hadde tidlegare.

Soknerådet vil gjerne oppmuntre medlemmane til å bruka heimesida. Den finn de på denne linken: <http://www.haa.kyrkja.no/>

Ognå februar 2017

Svein Olav Blindheim

Leiar i Ognå sokneråd



Misjonsbodet - Matt 28,16-20

Men dei elleve læresveinane drog til Galilea, til det fjellet der Jesus hadde sagt han ville møta dei. Og då dei fekk sjå han, fall dei ned og tilbad han; men somme tvila. Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»